

# Nordøyvegen og Hamnsund- sambandet

Eg vart litt lei meg då eg las artikkelen «Kritisk til Nordøyvegen» i Nordre 2. mai.

Kanskje var både Schelderup og redaksjonen for pessimistiske i framstillinga av det framtidige samkvem med vår by-kommune i sør, og har notert meg Sejelderup sin kommentar i Nordre 3. mai. Eg vil velje å vere litt meir optimistisk til utviklinga og trur at bygginga av Nordøyvegen vil gi øyane og fastlandet eit kraftig steg framover i positiv lei som gjev trivnad og vokster for heile regionen.

## Hamnsundsambandet

Vi har nå i mange år hatt Hamnsund som knutepunkt til «Grytten-halvøya» med hurtigbåtrute til Nordøyane. Det trur eg har fungert bra, og eg vågar å kalle det «Nordøyvegen til sjøs». Det er særst viktig at mange nyttar sambandet til daglege skule og arbeidsreiser. Eg er fulstendig klar over det at når Nordøyvegen er ein realitet, blir hurtigbåt og fergesamband lagt ned. Inntil

«Hamnsundsambandet» til lands blir ein realitet skal og må eit samband mellom Hamnsund - Storekalvøy - Ålesund / Giske halde fram med bussrute i frå Brattvåg både på nordsida og sørsida av «Grytten-halvøya». Dette er særst viktig både for næringslivet, skuleelevar og folk ellers.

Til slutt vil eg enno ein gong rette ein sterk appell til næringslivet og politikarane i Ålesund - Haram og Giske: Kjøyr på med planlegginga av Hamnsund-sambandet og få det realisert snart!

Når eg ser på trafikken i dag så er eg litt spent på korleis trafikken frå Nordøyvegen vil gå når den kjem i land på fastlandet. Vi er naboer med Romsdal og på sikt er vegen til Molde-regionen ikkje så lang heller. Så her må Ålesund passe seg og ikkje isolere seg.

**Erling Korsnes**